

post@helse-forde.no

Høringsuttale til prehospital plan

BU meiner det er gjort eit grundig arbeid med rapporten. Dokumentet er oversiktleg og inneheld mykje grunnlagsdata. BU vil rose prosjektgruppa for god prosess i arbeidet og for brukarinvolvering og for god kommunikasjon internt og eksternt slik det går fram av rapporten.

Til meir ein ser på planen dess viktigare ser evna til å samhandle mellom helseføretaket og kommunane å vere. Tiltak som styrkar samhandlingskompetansen i tillegg til den medisinskfaglege kompetansen må prioriterast. I planen vert det fleire gonger trekt fram trongen for å betre samarbeidet mellom kommunane og helseføretaket for å oppnå det ingen av partane kan greie på eiga hand. Frå brukarsynsstad er dette samarbeidet særskild viktig fordi gevinsten i tenestene kjem brukaren til gode - og det er jo det som er poenget! Til eksempel vil BU trekke fram dei gode samarbeidsmøta ein har greidd å skape i "Samhandlingsforum i akuttmedisin" der AMK og LVS og legevaktene i dei einskilde kommunane og brukarrepresentant møter og diskuterer praktiske spørsmål og einast om løysingar.

For BU er det viktig å peike på at endringane som kjem ikkje fører til auka responstid. Problemet gjeld særleg i dei store legevaktdistrikta slik som Nordfjord og SYSIKL. BU støttar særleg at kommunane kjem med i ein legevaktpilot der ein kan prøve ut ulike løysingar som sikrar auka medisinsk kompetanse nærare pasientane som bur mest gravgrendt. For BU er det viktig at tilbodet til desse brukarane vert styrka sjølv om det gjeld ei lita gruppe.

BU vil særleg peike på kor viktig det er at kommunane arbeider meir med å lage akutthjelparordningar i kommunar med spreidd busetnad. Luster er trekt fram som eit godt eksempel og kommunar med liknede utfordringar bør vende seg dit for å lære og få idear til eiga organisering.

BU støttar at ein greier meir ut om det kan lønne seg å skilje pasienttransport frå legevaktoppdrag for å redusere responstida.

Amulansepersonell vert tidvis brukt som hjelpepersonell for innkomne pasientar til mottak og til legevakter fordi desse ikkje har råd til å bemanne meir opp. BU stør arbeidet med å granske om her kan vere gevinstar å hente ved betra samarbeid mellom dei ulike personellgruppene.

BU ser fram mot det vidare arbeidet som skal skje i fase II for prehospitale tenester.

Med helsing

Felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Audun Nedrebø

leiar